

Skulehelseteneste, helsestasjon og jordmorteneste

Ca 1500 barn mellom 0-18 år får oppfølging av helsestasjon, 120 får oppfølging av jordmor.

I 2022 var det 82 fødsler og 6 nytilflytta barn.

Ut frå helsestasjonen sine register:

- 63 born 0-15 år (46 familiar) har flytta til Giske kommune i 2022
- 26 av borna er utanlandske (18 familiar).
- 36 born 0-15 år (23 familiar) har flytta frå Giske kommune i 2022

Helsestasjonen mottok også i 2022 tilskotsmidlar tilsvarende 2,6 stillingar for styrking av mellom anna skulehelsetenesta og jordmortenesta. Kompetansen til helsesjukepleiarane blir nytta meir strukturert i dei oppretta inkluderingssteama på skulane og sikrar det helsefaglege perspektivet i det tverrfaglege arbeidet med å styrke det inkluderande arbeidet i skulen. Tenesta har også hatt ei satsing på foreldrestøttande og foreldreførebuande tilbud og har gjennomført fleire ulike kurs i 2022. Styrking av jordmortenesta har også gjort det mogleg å fylgje opp måla om tidleg oppfølging til barselkvinner etter utskriving frå sjukehuset.

Fødde

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Fødde i løpet av året (antall)	82	120	99	99	108	119	113
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	9,4	14,0	11,6	11,7	12,9	14,4	13,8

Kjelde: SSB 11820: Utvalgte nøkkeltall befolkningsprofil, etter region, statistikkvariabel og år

Kostratal helsestasjon- og skulehelseteneste, 2022

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 01	Landet utan Oslo
Avtalte årsverk i helsestasjon- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjerer	Årsverk	45,4	54,0	51,8